

Kai Martin Brekke

Dødeleg arv

Nærøyfjorden oktober 1944

Torpedobåten var på tokt langs kysten nord for Bergen. Menig Dieter hadde akkurat fylt nitten, men var erfaren samanlikna med fleire andre av mannskapet. Han visste at å stoppa skøytetraffikken til England hadde høg prioritet, og at det nye oppdraget måtte vera viktig. Eit par timar seinare svinga dei inn Sognefjorden. Han kjende spenninga i kroppen steig.

– Kvar skal me? spurde han medan dei heldt eit årvake blick mot horisonten. Båten var eit lett mål for fiendefly og heldt seg tett til land. Men snart vart det mørkt, og faren frå oven var over for denne gongen. Dei kraftige motorane brumma, og dei heldt ein marsjfart på nær tretti knop innover fjorden.

– Kvar? spurde han ein av offiserane som gjekk forbi.

– Til Flåm.

Namnet var ukjent for den unge soldaten, og han vakta seg vel for å spørja kva oppdraget gjekk ut på. Visste han ikkje ville få svar.

Det var eit såkalla hit-and-run-oppdrag, men denne natta vart det ikkje avfyrt eit einaste skot. Dei vart liggjande rett utanfor kaien i Flåm med motorane i gang. Dei vinka til eit par tyske soldatar som gjekk vakt inne på land, og berre minutt seinare hørde dei lyden av eit lokomotiv som bremsa. Båten glei sakte

inn mot kaien med baugen først. To offiserar nærma seg. Ein av dei bar på eit skrin. Kapteinen tok imot det og forsvann raskt under dekk. Sekund etter var dei på veg ut att fjorden. Ein knapp halvtime seinare vart motorane slegne av, og båten la seg i ro. Det var framleis bekmørkt utanfor. Då det byrja å lysna, såg dei rett inn i ein bratt og glatt fjellvegg. På andre sida låg fjorden blank, nærast svart. Båten låg heilt stille, halvt skjult av eit tett lauvverk frå tre–fire hengebjørker som strekte seg utover vatnet. Menig Dieter og kameratane visste dei kom til å bli der til mørket seig på att seint på ettermiddagen. Ein fridag var som manna for slitne soldatar. At kapteinen var i det blide hjørnet og varta opp med ei flaske med rom, gjorde morgonen fullkommen. Praten gjekk lett og laust. Det starta med krigserfaringar, men gjekk fort over til kvinner. Om ein månad skulle dei få nyta ein kort perm heime medan båten var til overhaling på verftet.

Men draumane om kvinnfolk fekk ein brå slutt då lufta vart fylt av ein brummande motorlyd som raskt endra seg til eit brøl. To Spitfire-fly dukka ned frå det låge skylaget, passerte og forsvann. Kommandoropa gjalla, og ein augneblink etter stod mannskapet klare ved mitraljøsene. Kanonane hadde ingen sjanse til å få flya i siktet.

– Kanskje dei ikkje såg oss?

Dieter såg spørjande rundt seg.

– Kanskje?

Dei stod lenge heilt stille, håpa på det beste, frykta det verste.

– Pass opp!

Han snudde seg og såg rett på to arge jagarfly. Så kom den knitrande lyden av maskingevær. Han såg salvene trefte vatnet framfor dei før kulene small inn i båten. Han tømde magasinet i blinde. Visste det var fånytt. Flya gjorde ein sving, kretsa over dei og gjorde seg klare til nytt angrep.

Menig Dieter skalv. Han var redd, reddare enn han nokon

gong hadde vore. Då ein ny storm av kuler small inn i båtsida og feia over dekket, var han nærast lamma. Klarte ikkje å trykka på avtrekkaren, kjende berre ein straum av varm veske som rann nedover beina. Han hørde skrika frå kameratane. Han såg flya nærma seg på nytt og at det eine sleppte to torpedoar. Smellet frå treffet var øyredøyvande. Han fall på kne, og for første gong i sitt nittenårige liv ba han til Gud om hjelp. Torpedobåten la seg over på sida, og Dieter greip febrilsk etter rekka. I augekroken såg han at kapteinen steig ut på dekket. Blodet rann nedover andletet frå eit stort sår i panna medan han tviheldt på skrinet dei hadde fått om bord i Flåm. Han hørde kapteinen ropa eitt eller anna før han seig saman, men klarte ikkje oppfatta kva det var. Skrinet sklei nedover dekket og small i mitraljøsefestet like ved den høgre foten hans. I rein refleks greip han om handtaket, hoppa og vart ståande med vatn til midja med skrinet i hendene. Hadde landa på ein stor stein som fjellet hadde gitt slepp på ein eller annan gong. Det var berre nokre få meter inn til land, men den bratte fjellveggen gjorde det nesten håplaut å få feste. Litt lengre til venstre såg det betre ut. Han lurte på om han skulle våga, redd for å kasta seg ut i ein mørk og våt avgrunn. Han tok sjansen. Minuttet etter klatra han inn på tørt land, akkurat tidsnok til å unngå dragsuget etter torpedobåten som svinga hekken med propellane over vassflata og stupte i djupet.

Han var bønnehøyrd, berga, men likevel fortapt. Der han sat, var det stupbratt fjell på tre kantar og djupe fjorden på den fjerde. Han var fanga som på ei øy og måtte ha hjelp for å komma over fjorden til husa på andre sida. Dieter speida etter kompisane, men såg ingen. Prøvde på nytt og ropte. Ingen svarte. Utmatta la han seg ned i nokre grastustar på svaberget og lét att augo. Han visste ikkje kor lenge han hadde lege slik då han blei vekt av ei jentestemme. Dieter kunne knapt tru det var sant.

– Hilfe!

– Treng du hjelp?

Han skjøna ikkje kva ho sa, men fanga opp ordet hjelp.

– Ja, Hilfe, sa han, og prøvde å reisa seg. Først no oppdaga han at han var skada, og at blodet rann i ei tynn stripe nedover den høgre foten. Han såg granskande på den unge jenta i robåten. Ho kunne ikkje vera meir enn femten–seksten år, men alt blendande vakker. Og sterk. Ho bukserte han opp i båten og var i ferd med å leggja ifrå då han oppdaga skrinet inne på land.

– Das muss mit, sa han og peikte.

Ho la til på nytt, hoppa lett i land og tok med seg skrinet.

Det neste halve døgeret var han prisgitt den unge redningskvinna. Ho tok han med til ei gammal løe og sytte for mat og varme klede.

– Du kan ikkje vera her, du må vekk! sa ho.

Vekk. Det var eit ord han kjende.

– Ja, vekk, sa han og tok på seg buksa og genseren ho hadde hatt med.

– Wie heisst du? spurde han.

Ho berre rista på hovudet og helt to fingrar opp mot munnen.

– Hysj, sov no, sa ho og peikte på madrassen i høyet. – Båten går klokka åtte i morgon.

Han skjøna det meste og nikka. Visste at ho hadde rett. Han måtte vekk. Ikkje minst etter at han hadde falle for freistinga og opna skrinet. «Mein Gott!» Orda hadde berre komme dettande over lippene på han. Seinare på kvelden fann han den perfekte gøymestaden. Han ville komma att for å henta skrinet seinare. Sikra seg ei sutlaus framtid.

1

Jakob Sleira sin dødskamp blei kort. Bunden på hender og føter var han sjanselaus mot dei kvitskummande bølgiene på Sognefjorden. Dei 23 åra han fekk, passerte i revy før lyset frå ein kald haustmåne forsvann, og fjorden drog han under.

Han hadde hatt ein god og trygg barndom. Var ein einar på idrettsbana og populær blant jentene. Livet smilte til Jakob i 18 år. Mot slutten av tenåra hadde han falle, djupt. Det starta med hasj på ein rockefestival. Og stoppa ikkje der. Snart var han hekta på sterkare stoff. To gonger hadde han blitt redda attende til livet etter ein overdose. Eit par dagar seinare var han tilbake på køyret, verre enn nokon gong. Då han var som lengst nede, stod ho plutselig der, ein engel sendt frå sjølvaste skaparen. Slik trudde han i alle fall det måtte vera. Han hadde mista all motstandskraft, følgde berre etter som eit verjelaust lam.

– Kva heiter du? spurde engelen.

– Jakob, sa han spakt, redd for at ho skulle forsvinna, at det skulle vera ein ny meiningslaus draum. Slike hadde han hatt altfor mange av.

– Kom! sa ho.

Han kjende ein varme han ikkje ante kor kunne komma frå. Han berre gjekk, snubla og reiste seg på nytt. Gløymde heroinsuget, gløymde den verkande kroppen, berre følgde etter. Ho gjekk føre, sa ikkje stort, berre passa på at han var med. Når han snubla, eller måtte stoppa for å få att pusten, slakka ho på farten og smilte til han.

– Jesus vil ta vare på deg! Om du vil?

– Ja, sa han, men visste ikkje kvifor. Var vegen frå helvete til himmel brusteinlagd? Og så kort?

Den kvelden såg Jakob Sleira lyset. Det kunne han takka engelen for. Engelen Inghild.

Jakob vart teken inn i varmen ein seinsommardag for to år sidan. No var han kasta ut att til ein evig kulde, utan nokon engel til å visa han vegen. Han hadde gitt alt for «kyrkjelyden» men var på feil plass til feil tid. I løpet av nokre få sekund hadde lagnaden innhenta han. Jakob Sleira visste plutselig for mykje. Og nokon visste at han visste.

Hausten kom med toreskrall. Då lufta var reinsa, fall temperaturen og minna om at ein lang vinter var i anmarsj. Lauvtrea viste fram eit majestetisk fargespel i ei siste krampetreking for å halda på sommarkrakta, før haustvindane kom og kledde dei nakne. Trekkfuglane takka for seg og vende kursen mot sydlegare breiddegrader. Reinen hadde levd farleg ei tid. No var det rypene og hjorten som var i faresona.

Av dei knapt 130 turistskipa som hadde lagt turen til Flåm denne sommaren, var det berre etternølarane som la etter seg ei blå stripe av røyk på veg ut Sognefjorden. Cruiseoperatørane var i ferd med å leggja inn årane for sesongen og kom ikkje til å ta dei fram att før til våren. Rundt om i bygdene vart sommarkleda

pakka saman og vinterklede plukka fram. Vepsen som hadde terrorisert Sogn, hadde stukke frå seg for sesongen, og på frukttrea var det berre dei mest hardføre og seine sortane som framleis hang att. Dei siste dagane hadde folk vakna opp til nysnø på toppane, det første sikre teiknet på at ein ny vinter kunne komma når som helst.

Liket som vart skylt i land på stranda under Askelund i Balestrand, hadde lege i vatnet ei stund.

Inghild

Inghild Sletterust lét blikket gli over det spartansk innreia rommet. Hennar eige jenterom. Ho likte det slik. Hadde alltid gjort det. Det mest fargerike innslaget var eit vevd teppe, rikt dekorert med sitat frå Det gamle testamentet. Plakatane av fotballheltrar og filmstjerner som fleire av venninnene dekorerte veggene med, hadde ho alltid følt eit snev av avsky for. På kommoden på den eine langveggen stod den kombinerte kassett- og cd-spelaren ho hadde fått av foreldra til tiårsdagen. Velbrukt, litt falma i fargen, men like god. På den andre langveggen dominerte ein over to meter høg spegel. Via spegelen fanga blikket hennar inn korgstolen og det vesle bordet med duken bestemora hadde hekla. Berre ein ting mangla i biletet. Bibelen. Den låg på toppen i den ferdigpakka sekken som stod lent mot den pertentleg oppreidde senga. Ved vindaugget var den siste meldinga i ferd med å bli viska vekk frå dataskjermen. Ei melding som skulle forandra livet til 24-åringen frå Årdal. Inghild Sletterust tok ein siste kik i spegelen. Det lange mørke håret var sett opp med ein knute i nakken. Blusen som var knept stramt i halsen, utstråla uskulld. Ei motvekt til dongeribuxsa frå Match som stramma over hoftene og framheva formene. Ho greip sekken, slo av lyset, lista seg stille ned trappa og opna ytterdøra.

Bilen stod parkert som avtalt, i krysset mellom Farnesvegen og Jotunvegen – vegen ned til idrettsanlegget. Då ho nærma seg, vart døra opna innifrå. Inghild merka seg dei sota glasa då ho sette seg inn. Bilen svinga til venstre opp mot Storevegen, hovudgata gjennom sentrum, og sette kursen mot brua og Verket på andre sida. Gatene låg nærast aude, knapt eit menneske å sjå. Heller ikkje ved utestaden Stova. Det var nok litt for seint, eller litt for tidleg. Ho sokk ned i skinnsetet då bilen passerte avkøyringa til Utladalen og la ut på turen over brua for så å svinga inn på vegen mot Årdalstangen. Ho hadde gledd seg til denne dagen i lang tid. Ni dagar på leir, «Camp of Jesus», slik det hadde stått i e-posten frå «Herrens Hyrder». Den spesielle sekta hadde ho komme i kontakt med i Oslo medan ho studerte til sjukepleiar. Heilt tilfeldig, midt på Karl Johan. Ho kom frå ein religiøs familie og følte tryggleik med å vera i eit fellesskap med andre truande. Inghild hadde brukt mykje av fritida si på sekta og på arbeidet for dei svakaste i samfunnet. Hugsja spesielt den gongen ho hadde berga ein stoffmisbrukar frå undergangen og teke han med inn i kyrkjelyden. Ho lurte lenge på korleis det hadde gått, om han verkeleg hadde ønskt å bli redda. Då ho såg han nokre veker seinare, visste ho at ho hadde lukkast. Like etterpå var studiane over, og ho vende kursen heim til Årdal. Fleire av sektmedlemmene, ikkje minst leiarane, hadde trygla henne om å bli. Ho var nær ved å gi etter, men nærleiken til foreldra og bygda drog mest.

– Me held kontakten og treffest snart igjen, var kommentaren frå søster Milli då ho steig på bussen.

– Ja, sa Inghild.

Dei hadde halde ord. Begge. Ho gledde seg som ein unge til denne leiren, knitra i heile kroppen. Ho hadde spurt avdelingsleiaren på sjukeheimen om å få ta ut to vekers ferie, og fått ja over bordet. Foreldra hadde ho ikkje tort å nemna det for. Dei fekk lesa lappen ho hadde lagt att på kjøkkenbordet.

– Kvar er leiren? spurde ho sjåføren då dei nærma seg Årdals-
tangen.

– Det er ei overrasking, kall det gjerne for ein blåtur, svarte han.

– Ikkje tull då. Sei det!

Ein semitrailer passerte og døyvde svaret. Ho meinte å ha høyrte orda båt og tur. Utanfor viste hausten musklar. Regnet piska mot ruta og sette vindusviskarane i arbeid. Også cd-spelaren hadde starta første skift: «Gi deg, kvinne, hen til Jesus.»

Ryktet om funnet i fjøresteinane under Askelund gjekk som eld i tørt gras gjennom den vesle bygda. Snart var ein heil skare med folk samla utanfor politisperringa rundt det tidlegare asylmottaket. Ein eldre kar stakk hovudet fram og prøvde å få kontakt med den unge politibetjenten på innsida av sperringa.

– Kva er det som skjer?

Betjenten var usikker på kor mykje han kunne gå ut med, og lest som han ikkje høyrde.

– Hei, du! Er du dauvhøyrde eller? Eg spurde kva det er som skjer?

Fleire av dei skodelystne trekte seg litt tilbake, tydeleg pinlege berørte av den aggressive sambygdingen.

– Kutt ut mann! Oppfør deg!

Ei eldre dame tok karen i skule, men han hadde aldri hatt den store respekten for skulemeistrar.

– Det har sikkert skjedd noko alvorleg. Eg vil berre vita kva det er. Er det så mykje forlangt? Det kan vera ein av våre, tordna han.

– Du får venta som alle oss andre. Du kjem ingen veg med å oppføra deg som ein idiot!

Mannen bles i nasen, var i ferd med å ropa på nytt, men tok seg i det. Politibetjenten hadde følgt opptrinnet med interesse og bestemte seg for å gi dei veslefingeren.

– Me har gjort eit funn. Meir kan eg ikkje seia.

Betjenten studerte reaksjonane før han forsvann bak huset på vegen ned mot stranda der lensmann Gulleik Balholm prøvde å danna seg eit bilete av situasjonen.

– Denne har lege i vatnet ei stund. Kor lenge vil kanskje kommunelegen kunna gi oss eit førebels svar på.

Betjenten strekte seg framover for å sjå betre. Synet som møtte han, fekk han til å ta to steg tilbake.

– Det var som ...

Balholm hadde teke seg ned i fjøresteinane og pirka i knutane på hendene til den døde med ein pinne rekved.

– Han her har ikkje hamna i vatnet av eigen fri vilje. Den saka er klar. Her har me fått eit mord i fanget.

Betjenten nikka og såg mot den vridde kroppen som var fanga i tangbeltet inne på stranda. Tida i vatnet hadde sett sine spor, ikkje minst på andletet.

– Eg trur ikkje eg har sett han før. Har du?

Balholm rista på hovudet.

– Denne saka treng me hjelp for å løysa. Eg køyrer bort på kontoret og ringjer politikammeret. Dei får avgjera om Kripos skal kontaktast. Du får vera att her og passa på at ingen kjem ned til stranda og øydelegg eventuelle spor. Men, først presenningen.

Folkemengda hadde løyst seg opp då Gulleik Balholm runda hjørnet på det store bygget og gjekk mot bilen.

– Utover det at me har gjort eit likfunn, har eg ingen kommentar, sa han til etternølarane som enno stod att, før han sette seg inn i den uniformerte bilen. Han køyrde sakte forbi Balahaugen og Balasletta mot kontoret i rådhuset, ein knapp kilometer unna.

Det blinka på alle telefonlinjene då han kom inn. Pressa var tydelegvis alt informert om at ting skjedde i Balestrand. Dei fekk kontakta operasjonssentralen. Balholm slo først nummeret til

politimeisteren i Florø. Eit kvarter seinare hadde han Kripos på linja.

– Me sender eit team på fire frå Bergen. Dei er på plass litt ut på ettermiddagen. Har de sikra funnstaden?

– Etter boka, svarte Balholm.

– Bra, vidare kommunikasjon skjer direkte med teamet og teamleiar Snøli.

– Ok. Dei finn meg på kontoret eller på mobiltelefonen.

Balholm serverte dei åtte tala og forsikra seg om at dei var oppfatta.

– Greitt. Og lykke til!

– Takk. Kan bli ei kinkig sak å oppklara dette.

Klikket i andre enden var ikkje nett den største inspirasjonen han kunne fått.

Skyene låg mørke og tunge over Balestrand medan dei fire Kriposetterforskarane møysommeleg undersøkte stranda etter spor. Gulleik Balholm følgde interessert med, litt i bakgrunnen. Ville ikkje gå i vegen. Liket var allereie studert, fotografert og sendt til obduksjon.

– Her er det ingen ting meir å finna. Etterforsningsleiareren reiste seg opp og nikka mot Balholm.

– Er det nokon plass i bygda det går an å få seg ein matbit og ein kopp kaffi?

Balholm tok eit par steg fram.

– Kviknes kan anbefalast.

– Greitt.

På den korte vegen til det tradisjonsrike hotellet slo den varsla hauststormen til. Trea bøygde seg i vindkasta, som om dei prøvde å smyga seg unna regnet som dreiv vassrett mot lauvverket. Balholm parkerte bak resepsjonen. Kriposteamet følgde eksemplet.

– Skikkeleg vilt, kommenterte den yngste i teamet som hadde fått jobben bak rattet.

– Berre godt vestlandsvêr, repliserte Balholm med eit smil.

– Men, det er de vel vane med i Bergen, la han til medan han viste veg inn i respesjonen.

– Me held oss no mest i hovudstaden, men har opplevd det meste på oppdraga rundt om i landet. Også på vêsida, sa teamleiareren og snudde seg mot resepsjonssjefen som var på veg mot dei.

– Det går nokre minutt til maten er klar. Kan eg by på ei omvising så lenge?

– Takk for tilbodet, kanskje seinare, sa etterforsningsleiareren høfleg. Eigentleg var han mest interessert i å fylla opp ein svolten mage, og ein liten halvtime seinare var både suppa og det meste av hovudretten fortært.

– Kva har du fått ut av dagen så langt, Balholm?

Lensmannen la gaffelen på tallerkenen og tørka seg rundt munnen med servietten.

– Litt vanskeleg å seia, men, at det handlar om eit drap, er det ingen tvil om.

– Kva med liket?

Balholm såg på dei andre etterforskarane. Dei såg ikkje ut til å vilja ta opp hansken.

– Mann mellom 20 og 30, ukjend identitet. Balholm stoppa litt opp for å sjå på reaksjonen:

– Og kasta på fjorden, la han til.

Snøli nikka vagt og sette tennene i det siste stykket hjortekjøtt.

– Noko meir?

– Nja. Balholm drog på det. – Ikkje all verda.

– Sjå her. Etterforsningsleiareren heva røysta ørlite og la biletet han hadde teke ut på skrivaren, på bordet.

– Noko seier meg at religion må ha spelt ei viktig rolle for denne personen. Ikkje så mykje på grunn av krossen han hadde

rundt halsen. Det er det mange som går med utan at trua treng å vera den sterkaste. Men dei færreste svir inn den glade bodskapen utan å ha sterke grunnar for det, sa etterforsningsleiaren og peikte på tatoveringa nedst på halsen.

– Du har rett, Balholm. Me har ikkje mykje, men noko. Me får starta med å sjekka lista over sakna personar og ha eit ekstra auga på om det skulle dukka opp nokon med tilknytning til eit religiøst miljø. Skjer det ikkje noko, får me prøva ei etterlysing med bilete om det er mogeleg. Tida i vatnet har sett sine tydelege spor, men me veit meir når obduksjonsrapporten er klar. I alle fall når det gjeld dødstidspunktet. All registrert båttrafikk rundt det tidspunktet må sjekkast. Det kan godt henda han er kasta på fjorden frå land, men eg vel å starta med båtteorien. Men, før me kjem så langt, trur eg ikkje det er meir me kan gjera her, sa etterforsningsleiaren og registrerte at det vesle selskapet ikkje lenger var åleine i spisesalen.

Ei gruppe turistar valt høgrøysta inn. Det var litt av eit skue. Norsk tradisjonsmat, i lag med pasta og ulike dessertar, vart lasta ned på tallerkenane og fortært med stor lyst medan praten gjekk livleg om dei ulike attraksjonane dei hadde testa ut, og kor mange land dei hadde vore innom på turen. Som god balestrending hadde lensmannen opplevd denne seansen mange gonger, men for kripsetterforskararne var det tydelegvis premiereforestilling.

– Det var litt av eit show. Skal me seia terningkast fem, kommenterte etterforsningsleiaren på veg ut til bilane.

Søster Milli hadde panoramautsikt over Sognefjorden frå brua til «M/S Glory». Ho hugsar godt korleis søsterbegrepet hadde oppstått. Det var på ein av dei første leirane sekta hadde arrangert etter at dei slo rot i Noreg.

– Søster Milli, er det mogeleg å få eit glas vatn? hadde ein av deltakarane spurt ein steikvarm ettermiddag. Sidan hadde ho

gått for søster og innfunne seg med det. Likte det faktisk. Den gongen var det berre rundt ti deltakarar. I år kunne dei vore over hundre, men hadde av praktiske årsaker valt å avgrensa talet til det halve. Ho gledde seg som ein unge. Alt var klappa og klart til ei veke med leik og moro, fysiske utfordringar og forkynning. Vervekampanjen dei hadde gjennomført på nettet, hadde vore ein suksess. Ho undra seg over kor mange som heldt Jesus på is og først henta han fram når det vart lagt til rette for det. Sekta hadde sine knep. Ein stor medlemskare var viktig for økonomien og eksistensen. Ho var sikker på at ingen som hadde meldt seg på leiren, kom til å bli skuffa. Det skulle byggjast roleg opp mot klimakset, vekkelsesmøtet med karismatiske pastor Tarven. Ho hadde kjent pastoren i mange år og samarbeidd med han på ulike arrangement. Men det var først det siste året at samarbeidet hadde blitt direkte innbringande. Ho ville ikkje vita kvifor, men var glad for at behaldninga på bankkontoen gjorde eit hopp kvar gong Tarven var involvert. No var han på veg på nytt, skulle innta leiren om nokre dagar. Dei fleste av deltakarane var alt på plass. Milli hadde komme med toget til Flåm for berre nokre timar sidan. Ho tok bussen til Gudvangen der båten venta. Ho hadde ikkje snakka med Camilla på fleire dagar, men var sikker på at både venninna og dei andre leiarane hadde alt under kontroll. Difor blei ho like godt med båten på den siste turen for å henta Inghild og Olve. Ho hadde vore litt usikker på om årdalsjenta ville komma, og vart glad då det positive svaret kom. Det hadde vore noko spesielt med Inghild den tida ho hadde vore med dei. Ho var alltid vennleg og positiv, og best av alt, sterk i trua. Kontakten med den andre sogningen på leiren, Olve frå Leikanger, hadde ho berre hatt gjennom e-post. Dei nærma seg Slinde, og søster Milli skimta to personar ytst på kaien. Ho tok opp kikkerten. Det var Inghild. Ho opna døra og vinka og fekk fleire vink i retur. Milli tok fram mobiltelefonen og slo nummeret ho brukte aller mest.

Svaret kom frå ei ukjend stemme: «Mobilabonnten har slått av telefonen, eller er ikke tilgjengelig for øyeblikket.»

Olve

Frukthaustinga hadde gjort Olve godt. Mellom frukttrea fekk tankane spinna fritt. Det siste året på Menighetsfakultetet hadde vore beintøft. Det kosta å bli Herrens tenar på jorda. Han hadde hatt ei intens spenning i kroppen heile siste semesteret, ei spenning som ikkje ville sleppa taket. Fjellturane til Stoksete og Fjærlandssete hadde letta litt på trykket, men det var mellom fleire tonn med eple det løyste seg opp. Heime, og blant vennene, gjekk han berre for «presten». Det var enno eitt år att før han kunne kalla seg nettopp det. Han var heller ikkje sikker på om det var prest han ville bli. Han hadde tidleg bestemt seg for å utdanna seg denne vegen, men det siste året hadde tvilen og usikkerheita blitt sterkare. Han ville gi av seg sjølv og elska å preika, men følte at gleda ved å utføra kallet ikkje fekk utfalda seg i den norske statskyrkja. Det vart for tungt og alvorsamt. For konservativt og fordømande. Han ville forkynna budskapet gjennom glede, ei sprudlande glede som alle kunne ta del i. Ikkje berre dei som var over middagshøgda og godt inne i solnedgangen.

Fleire gonger hadde han fundert over om det rette var å trekkja seg ut eller å ta kampen innafrå. Så langt hadde han valgt det siste. Under tvil.

Under eit tilfeldig søk på Internett hadde han komme over heimesida til «Herrens Hyrder» og blitt interessert. Rett før sommarferien hadde han lasta ned videoen som presenterte fellesskapet. Budskapet var den samme som på fakultetet, men utøvinga av ein heilt anna karakter. Her stod gleda i høgsetet. I tillegg baud sekta på mange ulike aktivitetar. For Olve var det haustleiren som vekte mest interesse. Kanskje han skulle melda

seg på og testa ut det videoen presenterte; om terrenget stemte med kartet sekta hadde rissa opp. Der og då tok han ei viktig avgjerd om å ta nokre månaders pause frå teologistudiet.

Bodskapan vart ikkje akkurat godt motteken heime. Faren sa lite, men kroppsspråket var ikkje til å ta feil av. Mora hadde øya seg litt med det samme, men komme til ein konklusjon ho hadde bestemt seg for å servera så ofte ho fekk sjansen: «Berre du er på plass att etter jul.»

Sektleiren hadde han ikkje brydd seg med å fortelja om. Han hadde med mobilen og ville senda ei melding når det passa. Foreldra var vande med at han tok seg ein tur utan å seia frå. Han kunne sjå føre seg samtalen på kjøkkenet. Det var der viktige ting vart diskutert. Og alltid etter det samme mønsteret. Mora som klaga seg over at han aldri gav beskjed, og den påfølgjande replikken frå faren:

– Slapp av! Han har kontroll, den karen.

Olve smilte for seg sjølv under den korte bussturen til Slinde der båten venta. I setet ved sida av stod sekken som han brukte på lengre fjellturar. Denne gongen langt meir stappa. Ei veke på leir kravde godt med klesskifte. Han hadde sjekka langtidvarslet og konstaterte at den første hauststormen ikkje kom til å bli etterfølgt av ein ny med det første. Det skulle bli tørt og varmt, men Olve hadde erfaring med at vêret kunne skifta fort. Difor hadde han pakka ned både ullundertøy, luve og vottar. På turen gjennom det rasutsette Fatlaberget blei han var at sjåføren heldt eit årvake blikk med fjellsida og trødde litt ekstra på gassen.

«Ikkje rart sogndøler og systrendingar er villige til å betala bompengar for å få køyra trygt i tunnel,» tenkte han og drog handa gjennom det mørke, halvlange håret. Også her hadde det skjedd ei endring denne hausten. Heilt sidan han gjekk på barneskulen, hadde Olve hatt barbermaskinsveis. I sommar hadde han lete håret gro fritt, og kommentarane uteblei ikkje. Dei

fleste var positive, men hjå mora stod tradisjonane sterkt. Også på hårsida.

– Huffa meg! Var det ikkje på seksti- og syttitalet det var in å lata håret gro fritt? plumpa ho ut med ein ettermiddag ved middagsbordet. Olve berre smilte og strauk seg over tustane som berre så vidt hadde strekt seg over toppen på øyra. Faren berre blunka lurt.

– Mor di er ikkje kjend for å vera først med det siste, sa han muntert.

– Den er grei. Denne gongen er ho tredve år på etterskot og på skikkeleg bærtur, lo Olve.

– Men alt som har med bær å gjera, har eg kontrollen på, svarte mora med glimt i auga. Harmonien rundt bordet var retta opp att.